

109622

Her ligg eigedomen Jonsborg i Fyresdal som foreldra til Vidkun Quisling bygde som pensjonistbustad. Her låg «føreren» fleire gonger under krigen, omgjeven av ein mannsterk hirdflok.

Bergens Tidende

19/3 - 88

«Rapport til føreren»

TEKST: VIDAR YSTAD

FOTO: HÅVARD BJELLAND


FYRESDAL: I november 1944 sendte Vidkun Quisling tre hirdmenn til Fyresdal for å granske stemninga i bygda, kartlegge kvar folk sto og finne ut korleis han sjølv var omtykt i kommunen.

Rapporten som mellom anna vart sendt til nazi-ordføraren i kommunen og arkivert i kommunearkivet, kan sjåast som eit teikn på at Quisling ville freista å slå seg ned i Fyresdal etter krigen då han forsto at det gjekk mot slutten for Tyskaland. Det andre teiknet i same lei, er soknaden hans om å bli utnemnd til sokneprest i Fyresdal mot slutten av krigen, som BT omtala laurdag.

Gestapo-rykter

I «Rapport til føreren», datert 7/12, 1944, går det fram at dei tre hirdmennene hadde fått ei svært kjøleg mottaking i bygda, med unntak av dei NS-medlemmene dei først hadde kontaktat, og det skapte problem.

«Først og fremst den tilbakeholdenhett som befolkningen inntok overfor oss. Etter hva vi senere erfarte, begynte ryktene å svirre om oss allerede første dagen. Da fleste anså oss sikkert som et slags Gestapo. Selv enkelte NS-folk



hadde vi følelsen av opptrådte med en viss forsiktighet.»

«Rapportørane» meiner etter kvart å kunne fastslå at «utsiktene for NS er slett ikke dårlige i Fyresdal, nogen hatsk stemning støtte vi ikke på».

Kritikk mot Quisling

«Rapportørane» utroper fire namngjevne personar til kommunistar, som «alle NS-folk er enige om burde fjernes fra stedet så fort som mulig. Ingen av dem har fast arbeid, men de er stadig på farten», heiter det i rapporten. Dei trur likevel ikkje at det finst nokon fast organisert motstand i Fyresdal, derimot mykje ryktespreidning.

«Mot Dem personlig merket vi ingen avgjort uvilje. De blev dog kritisert for overtagelsen av prestegården, en kritikk som også endel NS-folk var enige i. Sladderen ville ha det til at alle gårdens produkter gikk til Gimle. Alminnelig omtalt er også at De skulle stå i begrep med å kjøpe inn en større fjellgard. Likeledes er det mye snakk om arbeidet på Lunden.»

Efter å ha avsett sokneprest Otto Irgens i 1942 og forvist han fra Fyresdal, greide Quisling å «overta» prestegården i Fyresdal som sin egen. Gimle var residensen hans i Oslo, og Lunden slektsgarden i Fyresdal som Quisling restaurerte under heile krigen.

«Dårleg arbeidsmoral»

«Rapportørane» klagar over arbeidstempoet på Lunden der det kunne arbeide opptil 10–15

mann. Dei klagar òg over at arbeidsfolka gjekk i skog og mark og fiska i staden for å arbeide på garden. Materialane var ikkje innelåste, slik at det vart stole frå byggeplassen. Det var rot og uorden med utbetalinga av løn til arbeidsfolket.

«Slike ting sammen med rotere arbeidsforhold var gefundene Fressen for sladderen», klagar hirdmennene.

Då var det meir orden på NS-folka i Fyresdal: «Stedets NS-folk gjorde et særlig gunstig inntrykk på oss. Kjelke og trauste typer. De av dem som hadde offentlige verv som lagfører, ordfører, varaordfører, forretningsfører i arbeidsformidlingen og trygdekassen osv., nøt alminnelig respekt som dyktige folk i sitt arbeid», heiter det i rapporten.

Kartla 100 personar

Under rassiaen som vart gjennomført på hausten i 1944, vart 80 personar arresterte i Fyresdal. Det heiter om desse at dei fleste var helt uskuldige folk som rein tilfeldig var i området.

«Dette har virket svært ueheldig. NS-folkene på stedet hadde satt opp en liste over 10–15 personer som de mente burde vært tatt. Denne listen ble levert tyskerne, men ble ikke fulgt», klagar «rapportørane» som kom fra «Riksledelsen i NS».

Med rapporten fylgjer det òg ei liste med om lag 100 namn på personar i Fyresdal, som syner kvar dei etter «rapportørane» sitt syn står politisk og korleis kvar og ein av dei reagerte i møte med «rapportørane». *[Handwritten signature]*